

## Notat – 25.04.16

### Nytt inntektssystem – avtalen Høyre, Fremskrittspartiet og Venstre – konsekvensen for Nordhordland – kommunevis og som samanslått kommune

Dette notatet går rett kva dei tre partia har vorte einige om og kva som er relevant for Nordhordland. Til sjølve metodikken og meir bakgrunn må ein sjå i tidlegare notat.

Avtalen seier følgjande som er relevant for Nordhordland:

- **Strukturkriteriumet** - reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar – valt **25,4 km**
  - Alle kommunar får **behalde 50 % av basistilskottet** – 6,6 mill. kr
  - Dei kommunane som har lengre avstand enn 25,4 km (strukturkriteriumet) får behalde dei neste 50 % også - Masfjorden, Gulen, Fedje og Modalen
  - **NB** - dei **kommunane som slår seg saman** får vidareført basistilskottet på 2016 nivå – **ingen reduksjon** som følge av desse endringane (2017 – 2019)
- Småkommunetilskottet – 5,5 mill. kr pr kommune
  - Vert ikkje gjort avhengig av innbyggartal
  - Distriktsindeksen – gradering
    - < 36 – ingen reduksjon – Fedje(20) og Gulen(29)
    - 45 – 46 – Masfjorden(45) - 40 % reduksjon
    - > 46 – Austrheim(73) – 50 % reduksjon
- Forslag til enkelte endringar på kostnadsindeksen – vente på berekningar frå KRD/KS

I tabellen under er det berekna endring i basistilskott og småkommunetilskott vist i heile mill. kr i høve til slik det er i 2016. Ingen kommunesamanslåing – reduksjon 12 mill. kr. **Nordhordland som ein kommune – auke 6 mill kr – forskjell 17 – 18 mill. kr.**

| Kommune                               | Endring i mill. kr |                     |            | Kr pr innbyggjar |
|---------------------------------------|--------------------|---------------------|------------|------------------|
|                                       | Basistilskott      | Småkommune tilskott | Totalt     |                  |
| 1256 Meland                           | -3                 | -                   | -3         | -447             |
| 1260 Radøy                            | -3                 | -                   | -3         | -657             |
| 1264 Austrheim*                       | -3                 | -                   | -3         | -1 151           |
| 1266 Masfjorden                       | 0                  | -2                  | -2         | -1 017           |
| 1263 Lindås                           | -1                 | -                   | -1         | -47              |
| 1252 Modalen                          | 0                  | -                   | 0          | 268              |
| 1265 Fedje                            | 0                  | -                   | 0          | 268              |
| 1411 Gulen                            | 1                  | -                   | 1          | 268              |
| <b>Sum utan kommunesamanslåing</b>    | <b>-9</b>          | <b>-2</b>           | <b>-12</b> | <b>-323</b>      |
| <b>Kommunesamanslåing</b>             |                    |                     |            |                  |
| Kommune Sør (Meland, Radøy og Lindås) | 3                  | -                   | 3          | 90               |
| Kommune Nord (Gulen og Masfjorden)    | 1                  | -                   | 1          | 268              |
| <b>Nordhordland - 8K</b>              | <b>6</b>           | <b>-</b>            | <b>6</b>   | <b>161</b>       |
| 1253 Osterøy                          | -2                 |                     | -2         | -288             |

\* Austrheim får ikkje småkommunetilskott i 2016 – kan bli kvalifisert for 2017 – vil da få 50 % av småkommunetilskottet